Så tek ho opp eit anna tema som vi har drøfta tidlegare i denne salen, og det er moglegheita for å byggje noko større vasskraftverk i verna vassdrag. Eg har tidlegare sagt at det er ein tanke som eg støttar. Eg oppfatta jo òg sist vi drøfta det i denne salen, at statsråden sa at når vi får hausta noko meir erfaring frå desse to vassdraga der vi har ei sånn opning, er det naturleg å sjå på den grensa. Så det er iallfall eit signal òg frå mitt parti i den saka.

Så er det igjen sånn at vi er samla her for å diskutere ei sak der saka er at opposisjonen ber regjeringa om å kome med ei sak. Det er sånn at Høgre og Framstegspartiet – og det har jo debatten i seinare veker vist – ikkje er heilt einige om kva som skal vere innhaldet i den samla vasskraftpolitikken. Skal ein byggje ut store vassdrag, eller skal ein ikkje? Men det ein er einige om, er å be om ei sak. Ein gjengangar i denne salen er jo å be om saker på denne måten og deretter – som sist i finansdebatten – vise til at dette viser kor einige vi er – vi er einige om å be regjeringa om saker.

Ein skal leite lenge for å sjå ein energipolitikk og ein vasskraftpolitikk frå opposisjonen si side som er eit alternativ til den politikken regjeringa fører. Det vel eg å tolke positivt. Det er ein god politikk regjeringa har på dette om-

rådet. Viss ein skal sjå ein nyanse på eitt område – og det er eit viktig område – så må det vere det som går på den felles eigarskapen vi har til desse verdiane. Der er det tydeleg at Høgre og Framstegspartiet rokkar ved nokre verdiar vi andre står samla om. Utover det er det lite som tyder på at ein her vil få presentert ein brei, alternativ norsk politikk, verken på energiområdet generelt eller på vasskraftområdet spesielt, før valet.

Kjell Ingolf Ropstad (KrF) [10:43:44]: Vi er heldige i Norge som har store vannkraftressurser. Det er fornybar energi, det er klimavennlig, og vi har ambisiøse mål om å utvinne mer. Kristelig Folkeparti er opptatt av å oppgradere vannkraftverk, og vi er opptatt av å legge forholdene til rette for utbygging av mer kraft. Samtidig følger vi ikke representantene bak representantforslaget i deres behov for en omkamp om verneplaner for vassdrag. Vi er opptatt av å kunne revidere og kanskje ta inn nye, eventuelt se på dem som ligger der, men vi er ikke klare for en omkamp. Derfor ligger Kristelig Folkeparti også i denne saken på linje med regjeringspartiene.

Sist gang Stortinget behandlet et lignende forslag fra de samme representantene, stemte også Kristelig Folkeparti mot. Begrunnelsen den gangen var at vi ønsket å få en energimelding. Sånn sett kunne jeg i dag på vegne av Kristelig Folkeparti sagt at vi gjerne skulle hatt en vannkraftmelding, ettersom energimeldingen ikke er kommet. Men som sagt, vi deler ikke premissene som ligger i forslaget om behovet for en vannkraftmelding. Representanten Meling viser i sitt innlegg også til behovet for oppgradering til 3 MW, f.eks. mulighet til å kunne søke konsesjon for det i vernede vassdrag. Det er også en sak jeg støtter, men som det heller ikke trengs en egen melding for.

Der kommer jeg kanskje også inn på hovedpoenget, og det er at min hovedkritikk mot regjeringen er at jeg opplever at den sliter med å se sammenhengene. For det er gjort mye bra på enkelte områder, f.eks. en nettmelding. Vi har diskutert oljemelding, vi har hatt klimamelding, fornybardirektiv, elsertifikat osv. Men det opposisjonen har stått sammen om og kritisert, og som Kristelig Folkeparti har hatt et ønske om å kunne diskutere i mye større grad, er jo disse sektorene sett i sammenheng. Mine spekulasjoner går på at det tydeligvis er for stor uenighet innad i regjeringen til at den faktisk kan legge de ulike meldingene ved siden av hverandre og se hvilke konsekvenser de har for hverandre. For det vi hadde trengt å gjøre, var å se vannkraft og fornybar energi i sammenheng med at vi kommer til å produsere mye ny fornybar energi, og hva vi skal bruke denne nye fornybare energien til. Der er det klart at Kristelig Folkeparti har vært opptatt av at vi bl.a. skal lykkes med elektrifisering på Utsirahøyden og kanskje noen andre felter der det vil være samfunnsøkonomisk lønnsomt.

Vi kommer til å produsere mye ny fornybar energi, og elsertifikatordningen er viktig. Men til representanten Sande, som skryter veldig av at den kom: Den kunne ha kommet i 2006, og burde ha kommet da. Men nå har vi også blitt fortalt hvorfor den sannsynligvis er blitt utsatt, gjennom representanten Heidi Sørensens utspill om at

dette var det verste vedtaket og det største politiske feiltrinnet hun hadde gjort. Det er jo et tydelig signal om at det ikke nødvendigvis har vært stor enighet innad i regjeringen om at dette var en viktig ordning.

Vårt ønske når det gjelder denne sektoren, og når det gjelder grønne sertifikater og ny fornybar energi, går på å få mer «trøkk» på konsesjonsbehandlingstiden. For det er riktig som Sande sier, at det ikke nødvendigvis er de store politiske forskjellene akkurat her. Men når det står ca. 700 søknader i kø, behandlingstiden er fem–seks år, og en ser at vinduet for å kunne bli inkludert i elsertifikatene allerede begynner å lukkes, er det klart at man her burde lagt et mye større trykk. For gründerne, som ønsker å investere, som ønsker å utvinne mer kraft, er det heller ikke enkelt å stå og vente i lang tid. Og så er det også: Hva skal kraften brukes til? Det vil være viktig.

Kristelig Folkeparti er opptatt av å se potensialet som ligger i vannkraften. Vi er opptatt av å se potensialet i det å oppgradere de eksisterende verkene, og vi er opptatt å se at det er potensial for å bygge ut mer kraft. Men vi er ikke klare for å ta noen omkamp om verneplaner. Sånn sett trenger vi heller ikke en egen vannkraftmelding, men vi skulle gjerne sett at vi kunne fått en energimelding, slik at vi kunne diskutere de ulike feltene under ett.

Statsråd Ola Borten Moe [10:48:21]: La meg bare begynne med å si at jeg opplever at det er stor enighet rundt hovedtrekkene i norsk vannkraftforvaltning, kanskje med unntak av den omkampen som det her inviteres til, knyttet til verneplanene – verneplaner som har vært vedtatt i denne sal i mange, mange omganger. La meg også si at dette ikke er tiden for nye og store planer. Dette er tiden for å gjennomføre ambisiøse mål, som også denne sal har sluttet seg til, mål som vil gi Norge et moderne, godt forsyningssystem, den høyeste fornybarandelen i Europa og muligens i verden, og som legger til rette for vekst, verdiskaping og næringsutvikling over hele landet.

I senere år har regjeringen og Stortinget lagt på plass viktige steiner i norsk energipolitikk som kommer til å virke i tiår framover. Vi har fått på plass sertifikatsystemet, det er lagt fram et fornybardirektiv, vi har økt takten i konsesjonsbehandlinger, vi har gjennom nettmeldingen fastlagt rammene for nettutvikling, og vi har gjennom klimameldingen fått på plass klimafondet under Enova.

I Prop. 1 S for 2012–2013 fra Olje- og energidepartementet er det tatt inn en egen del om energipolitikken. I den redegjøres det for de synspunkter og prioriteringer som ble lagt fram i rapporten fra Energiutvalget. Redegjørelsen viser at det er godt samsvar mellom regjeringens vurderinger og utvalgets vurderinger når det gjelder både utviklingstrekk og avveininger.

I den norske handlingsplanen for fornybardirektivet gjøres det rede for hvordan Norge skal nå målet om en fornybarandel på 67,5 pst. i 2020. Sammen med Sverige har vi som mål at vi innen utgangen av 2020 skal få på plass 26,4 TWh med ny produksjon, et løft i elproduksjonen som man må generasjoner tilbake for å finne.

For å nå de ambisiøse målene vi har satt, er vi avhengig av at tilstrekkelig mange prosjekter får tillatelse i tide. Sat-

singen på en styrking av konsesjonsbehandlingen gjennom flere år har gitt en betydelig økning i saksbehandlingskapasiteten i NVE. Det vil også gjøre energimyndighetene bedre rustet til å møte et økt tilfang av vannkraftprosjekter i årene framover. Regjeringen vil fortsette å effektivisere og styrke konsesjonsbehandlingen både i NVE og i departementet.

I departementet har vi i år behandlet betydelig flere klagesaker enn det man har gjort tidligere. Køen er på tur ned.

Det skal gjøres store investeringer i nettet framover. Statnett er i gang med mange viktige prosjekter. I Meld. St. 14 for 2011–2012, nettmeldingen, er det foreslått endringer i planleggingen og konsesjonsbehandlingen av store kraftledninger. Vi håper det vil både effektivisere prosessen og øke rettssikkerheten.

Representantene etterlyser en kartlegging av det norske vannkraftpotensialet. NVE foretar årlig en beregning og oppdatering av eksisterende vannkraftproduksjon og potensialet for ny vannkraft. Jeg vurderer denne oversikten som dekkende for det representantene etterspør.

Forslagsstillerne ønsker å se på vassdragsvernet på nytt for å kunne utnytte en større del av gjenværende potensial. Som tidligere meddelt Stortinget ved flere anledninger er det ingen planer om å foreslå endringer i verneplanene. Det finnes et betydelig potensial utenom verneområdene, og regjeringen satser på en forsvarlig utnyttelse av ressursene i disse områdene.

Representantene ber regjeringen fremme en stortingsmelding om norsk vannkraftpolitikk. Jeg mener at Stortinget gjennom kapitlet om status for energipolitikken i Prop. 1 S har fått en oppdatert oversikt over aktuelle virkemidler framover, og at energipolitikken er tilstrekkelig klargjort. Jeg ser derfor ikke at det er behov for noen egen melding til Stortinget om vannkraftpolitikken i denne stortingsperioden.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Henning Skumsvoll (FrP) [10:53:02]: I 1970-, 1980- og 1990-årene ble mange vassdrag vernet. Så vannkraftanlegg kunne ikke bygges der. Nå går stadig flere fagfolk innenfor vannkraft inn for at disse vassdragene må vurderes på nytt, med hensyn til fallkraften. Det forklares med at dagens teknikk vil være til liten sjenanse. For 30–40 år siden hadde man ikke den teknikken man har i dag. Det vil neppe ha noen betydning – verken miljømessig eller for det biologiske mangfoldet – om større delstrømmer blir tatt ut. Dette er en ressurs.

Så mitt spørsmål til statsråden blir: Kan statsråden forklare hvorfor det i regjeringen er så mye motstand mot på nytt å vurdere vernede vassdrag, som vil produsere CO₂-fri kraft, mens vindmølleparker kan bygges selv om det blir store naturinngrep av disse?

Statsråd Ola Borten Moe [10:54:02]: Det er ikke regjeringens verneplaner som ligger til grunn for norsk vassdragsvern, det er det Stortingets verneplaner som gjør. Så det er i så fall Stortinget selv som må revurdere disse pla-

nene. Jeg ser ikke behovet for det. Det har gjennom flere tiår vært oppdaterte verneplaner som har ligget til grunn.

Vi har rike ressurser å ta av i de vassdragene som ikke er vernet. Jeg føler meg trygg på at vi gjennom det teknologinøytrale systemet som vi nå har, der man kan få utbygginger av vannkraft, vindkraft og bioenergi, vil det være ikke bare mulig, men realistisk å nå de svært ambisiøse målene vi har satt oss, om økt fornybar energi-produksjon i årene som kommer.

Siri A. Meling (H) [10:55:02]: Representanten Sande refererte til statsrådens holdning til det å se på muligheten for større utbygginger i vernede vassdrag. Han sa at statsrådets mening var at en må høste noe mer erfaring fra disse prosjektene, før en eventuelt går inn og ser på – og åpner for – noe større utbygginger, kanskje til 3 MW. Men for å kunne høste erfaring er det en fordel at vi får noen prosjekter i vernede vassdrag. Kan statsråden si noe om dette, om vi kan ha håp om at vi kan få noen prosjekter, eksempler, i vernede vassdrag, som vi da kan høste erfaring fra – og slik komme litt videre i dette spørsmålet?

Statsråd Ola Borten Moe [10:55:44]: Jeg la merke til at representanten Sande redegjorde for mitt ståsted og mine synspunkter. Jeg synes det hørt fornuftig ut og slutter meg til beskrivelsene.

Som representanten Meling også er kjent med, er det i to vassdrag åpnet for konsesjonssøknader om inntil 3 MW. Det er ikke regjeringen som søker om utbygging av disse prosjektene, det er det aktørene i henholdsvis disse to vassdragene som er nødt til å gjøre, og så må søknadene konsesjonsbehandles på vanlig vis.

Jeg imøteser selvsagt å få gode konsesjonssøknader innenfor de rammene som Stortinget har satt.

Kjell Ingolf Ropstad (KrF) [10:56:37]: Jeg takker for innlegget fra statsråden, det var et godt innlegg. Jeg tror nok Kristelig Folkeparti og Senterpartiet er på linje i denne typen spørsmål.

Det jeg egentlig ønsker å utfordre statsråden på, er nettopp punktet om konsesjonsbehandlingstiden. Det vet jeg at statsråden har lagt «trøkk» på. En ser også at omorganiseringen innad har ført til at det har blitt behandlet flere søknader. Det virker som om en tenker litt mer helhetlig, og kjører søknader igjennom på den måten, noe som fungerer bra. Så egentlig vil jeg bare spørre: Hva gjør statsråden for å få tiden enda mer ned? Hva er egentlig målet når det gjelder behandlingstid? Når en sier fem–seks år, høres det veldig lenge ut. Hva mener statsråden at den bør ned til?

Statsråd Ola Borten Moe [10:57:25]: Takk for et godt og viktig spørsmål. Det er ikke noe enkelt svar på det representanten spør om. I mange av disse sakene er det også vanskelige avveininger mellom ulike hensyn.

Jeg tror veldig på at man gjennom flere tiltak og flere tilnærminger kan klare å effektivisere prosessen, samtidig som man øker kvaliteten og samhandlingen med andre viktige fagmiljøer. I Olje- og energidepartementet jobber vi – sammen med NVE og for så vidt også Miljøvernde-

partementet – systematisk med å se på systemet, hvordan vi kan arbeide bedre sammen, hvordan vi kan organisere dette på en måte som gjør at det blir både forutsigbart og effektivt, og som gir en konsesjonsbehandling av høy kvalitet, som vi skal ha.

Så har vi sagt at vi mener at de gode prosjektene som det er mulig å realisere, skal få endelig svar i god nok tid til at man eventuelt rekker å bygge ut innenfor det vinduet som ligger i elsertifikatordningen.

Presidenten: Replikkordskiftet er omme.

De talere som heretter får ordet, har en taletid på inntil 3 minutter.

Oskar J. Grimstad (FrP) [10:58:50]: Framstegspartiet har ved flere anledninger reist spørsmål i Stortinget om norsk vasskraftproduksjon og mulighetene som ligger der, og om ei stortingsmelding om dette.

Vidare: Det bør opnast opp for allereie verna vassdrag. Dei bør bli vurderte på nytt med omsyn til kraftproduksjonen på bakgrunn av nye og miljømessig gode teknologiar som ikkje er til skade for verneformålet. Verneformålet er viktig å vareta. Det er ingen som ønskjer å skade det som er verna.

Behovet er stort. Mulighetene i landet vårt miljømessig og klimamessig når det gjeld ny fornybar energiproduksjon, er betydelige, om berre viljen er til stades. Ønsket om dette er slett ikkje nytt. Vi såg i Teknisk Ukeblad på nett 19. mai 2008 at seniorrådgivar Haakon Thaulow i NIVA, spesialrådgivar i LO Are Tomasgard og direktør i Direktoratet for naturforvaltning, Janne Sollie, støtta nettopp dette. Desse aktørane er jo ikkje kjende for å ta lett på eventuelle klima- og miljømessige utfordringar, kanskje spesielt ikkje sistnemnde, frå Direktoratet for naturforvaltning.

Framstegspartiet meiner at fleirtalets utsegn om at vi treng meir kraft, ikkje fleire utgreiningar, viser at regjeringa ikkje tek det store potensialet som framtidig vasskraftutbygging kunne ha, alvorleg. Desse medlemmene meiner at berre gjennom ei grundig vasskraftmelding vil det vere mogleg å planleggje og utbyggje det attverande, store vasskraftpotensialet i landet, spesielt på bakgrunn av ønsket om ein betydeleg auke i fornybardelen. I tillegg gir det lys i vindauga i distrikta, noko som Senterpartiet burde vere veldig oppteke av.

Så har ein gjenteke dette med ei energimelding. Framstegspartiet har fremma forslag om ei rekkje meldingar. Det er klart at når regjeringa vel å ikkje leggje fram ei energimelding, som skal ha eit overordna syn på dette, vil vi synleggjere dette ved at vi fremmer enkeltsaker, i tillegg til eit ønske om ei energimelding, som skal vere ei overordna melding, og som skal sikre heilskapen. Men dette har teke sju år og fire statsrådar frå Senterparti – og ein står på staden kvil. Det beklagar vi.

Erling Sande (Sp) [11:01:20]: No skal eg vere heilt kort. For det fyrste til siste talar: Viss ein i fullt alvor meiner at ein berre gjennom ei ny vasskraftmelding til Stortinget kan få utløyst meir av vasskraftpotensialet vi har i lan-

det, må eg berre seie at eg er grunnleggjande ueinig. Då må ein heller bruke tida på å reise litt rundt i landet vårt og sjå kva som skjer der ute. Det er utnytting av vasskraftpotensial i nær alle fylke i dette landet. Det blir bygd småkraft i svært mange kommunar rundt om i dette landet som gir lys i husa – nær sagt i dobbelt forstand.

Så er det ryddig av meg å presisere – då eg viste til den førre debatten vi hadde om vasskraftutbygging i verna vassdrag i denne salen – at den gongen var statsråden ein annan, men hadde same solide og gode partibakgrunn som noverande statsråd – sånn at det òg er presisert.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 3.

Sak nr. 4 [11:02:32]

Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om endringer i lov 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk mv., lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold og lov 17. juni 2005 nr. 85 om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark fylke (Innst. 88 L (2012–2013), jf. Prop. 86 L (2011–2012))

Presidenten: Etter ønske fra energi- og miljøkomiteen vil presidenten foreslå at taletiden blir begrenset til 5 minutter til hver gruppe og 5 minutter til medlem av regjeringen.

Videre vil presidenten foreslå at det blir gitt anledning til tre replikker med svar etter innlegg fra medlemmer av regjeringen innenfor den fordelte taletid.

Videre vil presidenten foreslå at de som måtte tegne seg på talerlisten utover den fordelte taletid, får en taletid på inntil 3 minutter.

– Det anses vedtatt.

Oskar J. Grimstad (FrP) [11:03:52] (ordfører for saka): Miljøverndepartementet foreslår i proposisjonen endringer i lov 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk mv. – lakse- og innlandsfiskloven.

Lov om laksefisk og innlandsfisk mv. blei vedteken i mai 1992. Loven er den første egentlege ressursloven for anadrome laksefisk, innlandsfisk og andre ferskvatnsorganismer. Blant anna blei fredingsprinsippet innført for anadrome laksefisk, og forvaltinga blei gitt vidare fullmakter til å iverksetje beskyttelsestiltak for fiskebestandane.

Erfaringane med loven gjennom snart 20 år tilseier ifølgje departementet at han bør justerast og forbehold på enkelte område. I tillegg er det behov for tilpassingar til nye ordningar og avgjerder som er vedtekne etter at loven tredde i kraft, i første rekkje ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar – og naturmangfoldloven.

Det blir foreslått to vesentlege endringar i lakse- og innlandsfiskloven. Dette gjeld krav om obligatorisk organisering og driftsplanlegging i laksevassdrag, og lovfesting av Stortingets plenarvedtak om nasjonale laksevassdrag og laksefjordar. Målet er ei sterkare lokal forvaltning, samtidig som omsynet til fiskeressursane og den enkeltes fiskerett skal ivaretakast.

Ordninga med nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar blei innført gjennom plenarvedtak i Stortinget i 2003 og 2007. Formålet med ordninga er å gi dei viktige laksebestandane i Noreg ein særleg beskyttelse mot bl.a. oppdrettsverksemd, forureining, skadelege aktivitetar og inngrep i vassdrag og i dei nærliggjande fjord- og kystområda. Ved oppretting av ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar blei det føresett at Stortingets plenarvedtak skal forankrast i lakse- og innlandsfiskloven og i relevante forskrifter etter denne og andre lovar.

Dei andre endringsforslaga tek primært sikte på å modernisere og forenkle forvaltninga i høve til loven.

Vidare blir det foreslått ei endring i finnmarksloven, lov 17. juni 2005 nr. 85 om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark fylke, kapittel 4. Denne inneber at rettsavgjerdene knytte til generell fiskerett inklusiv garnfiske i den noverande Tanaloven av 1888 blir flytta til finnmarksloven, samtidig som lokalbefolkningas rett til fiske med stong blir lovfasta i same lov.

For å ta det siste først: Det er brukt relativt lang tid på nettopp denne delen vedrørende Tanaloven. Ein einstemmig komité har vurdert det slik, med bakgrunn i det som er komme av innspel og synspunkt i høringsrunden som komiteen har hatt, at Tanaloven av 1888 må vidareførast som særlov. Komiteen meiner derfor at regjeringas forslag til ny §§ 28 og 28 a i finnmarksloven blir teke ut, slik at det ikkje blir gjort endringar i finnmarksloven – og slik ligg saka i komiteen.

Den breie einigheita om å vidareføre Tanaloven av 1888 frå lokalt og regionalt hald har gjort inntrykk på komiteen, og det er nettopp dette som gjer at denne loven, som enkelte beskriv som elvedalens grunnlov, blir lagd til grunn vidare. At han treng ei fornying er kjent, spesielt på bakgrunn av omtalen av «futen» i si tekst. Eg vil i denne samanhengen gi ros til Tana kommune og Karasjok kommune og Tanavassdragets fiskeriforvaltning, i lag med mange enkeltpersonar.

Komiteen viser vidare til at bestandssituasjonen for anadrome laksefisk i fleire vassdrag er alvorleg, og at det er behov for systematisk overvaking av bestandar og påverknadsfaktorar som basis for å iverksetje tiltak som er effektive, men ikkje på en slik måte at ein overkøyrer grunneigarar.

Til slutt nokre ord om Framstegspartiets syn. Framstegspartiet stiller seg undrande til at fleirtalet kategorisk slår fast at vern av fjordane og elvene skal vere permanent. Desse medlemmer viser til at det tidlegare har vore peikt på at det ved evalueringa av ordninga skal vurderast om tiltaket har fungert, og om det bør vidareførast. Framstegspartiet kan ikkje sjå at dette ligg føre, og vil – fram til ei evaluering er gjort – ikkje ta stilling til om vernet av fjordane og elvene i form av nasjonale laksefjordar og laksevassdrag skal vere permanent.

Desse medlemmer går på denne bakgrunn mot å lov feste nasjonale laksefjordar og laksevassdrag på det noverande tidspunkt. Vi vil derfor gå imot endringsforslaga til §§ 5 e og 7 a i proposisjonen. Vidare går vi imot endringar i § 26 i forslag til lov om endringar i lov 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk. Vi fremmer ikkje forslag om

dette, men vi ber om at avstemminga blir lagd opp slik at det er mogleg å stemme imot dette.

Presidenten: Presidenten oppfatter det slik at Framskrittspartiet ikke fremmer de forslagene som står i innstillingen, men stemmer imot i stedet.

Oskar J. Grimstad (FrP) [11:08:44]: Ja.

Presidenten: Da er det oppfattet.

Torstein Rudihagen (A) [11:09:08]: Eg viser til den omtala som saksordføraren hadde av sjølve lova. Lakse- og innlandsfisklova er viktig for å få ei god forvaltning av villaksen.

Vi har nokre av dei viktigaste leveområda for villaks i Noreg, og vi har omtrent ein tredel av totalbestanden. Noreg har derfor eit særskilt internasjonalt ansvar for villaksen.

Laksen representerer betydelege verdier som næringsgrunnlag for rettshavarane og som grunnlag for turisme, og sjølv sagt har laksen stor betydning for dei som ønskjer fiske, friluftsliv og gode naturopplevingar.

Formålet med lova er å ta vare på bestanden på ein god måte, samtidig som ho skal opne for høsting av bestanden til beste for rettshavarar og for fritidsfiskarar.

Lova er frå 1992, og som saksordføraren gjorde greie for, er det behov for justeringar, tilpassingar og iverksetting av vedtak Stortinget har gjort om nasjonale lakseelver og laksefjordar. Det er foreslått ei rekke endringar, bl.a. blir aldersgrensa for å måtte betale statleg fiskeavgift heva frå 16 til 18 år. Det er eit veldig godt tiltak for å stimulere fleire unge til å oppleve naturen og gleder og spenninga ved fritidsfiske. Det er ein nedgang i slikt fiske, og det er ein aktivitet eg meiner vi bør stimulere til.

Av vesentlege endringar elles er det krav om obligatorisk organisering av fisket i laksevassdrag, og det blir stilt krav om driftsplan i vassdrag med slik organisering. Hensikta med dette er sjølv sagt å få ei best mogleg forvaltning av fiskeressursane og regulering av fisket.

Eg ser at Framstegspartiet og Høgre er skeptiske til at det blir stilt krav om obligatorisk organisering, men det finst eksempel på vassdrag der det er konflikter som gjer at ein ikkje får sett i gang tiltak mot gyro eller andre nødvendige forvaltningstiltak for å ta vare på fisken og få til eit godt fiske. Det er faktisk elver som på grunn av uavklarte konflikter er stengde for fiske. Denne lovendringa kan gi heimel til å få rydda opp. Elles blir det presisert i proposisjonen at denne obligatoriske organiseringa ikkje skal gjerast meir omfattande enn det som er nødvendig for å regulere fisket og forvalte fiskeressursane.

Når det gjeld lovfesting av nasjonale laksefjordar og lakseelver, er det ei oppfølging av tidlegare stortingsvedtak som blei gjorde for å gi dei viktigaste laksebestandane i Noreg vern mot bl.a. oppdrettsverksemd, forsuring, skadelege aktivitetar og inngrep i vassdrag og i dei nærliggande fjord- og kystområda. Framstegspartiet og Høgre går imot og viser til at ordninga fyrst må evaluerast, men det har heile tida vore føresett at dei nasjonale laksevassdraga og

laksefjordane skulle vere permanente. Men det er òg slik at ny teknologi, kunnskap og andre vilkår kan tilseie at ein seinare må gjere endringar i regelverket for forvaltninga av dei aktuelle områda. Ordninga skal evaluerast etter ti år, dvs. i 2017.

Ei anna endring som Framstegspartiet og Høgre går imot, gjeld allmentas rett til fiske i vassdrag der det blir gitt offentleg støtte til tiltak. Eg meiner den endringa er rett og viktig, og regjeringspartia støttar dette, men legg til grunn at den offentlege fiskeforvaltninga og rettshavarane normalt blir einige om minnelege ordningar om allmentas rett til fiske. Dei føreset at heimelen til å fastsetje nærmare reglar berre blir nytta unntaksvis når det er nødvendig for å vareta allmentas interesser i samsvar med lovas føremål. Det kan vere tilfelle der staten bør gripe inn, f.eks. dersom det blir lagt til rette for eit reint eksklusivt fiske i eit gyrobehandla vassdrag – noko det finst eksempel på.

Som saksordføraren gjorde greie for, vil ein samla komité ikkje gjere endringar i finnmarkslova, men vil heimle retten til stongfiske i Tanalova. Det betyr at Tanalova består, men ho må reviderast. Ho vil måtte komme attende til Stortinget etter ein vanleg lovforslagsprosess. Eg viser til bl.a. eit innlegg som vil komme frå Bendiks Arnesen, som omtalar akkurat den delen.

Siri A. Meling (H) [11:13:58]: Høyre er tilfreds med at en enstemmig komité er enig i at Tanaloven av 1888 må videreføres som en særlov. Som det fremgår av lovforslaget, foreslo regjeringen at rettighetsbestemmelsene knyttet til generell fiskerett, inklusiv garnfiske, i den nåværende Tanaloven av 1888 skulle flyttes til finnmarksloven. Men med bakgrunn i de synspunkter som har kommet frem gjennom høringsrunden som komiteen har hatt, er vi tilfreds med at Tanaloven videreføres, og at de endringer som er foreslått som gjelder lokalbefolkningens rett til å fiske med stang, innarbeides i denne loven.

Høyre går imot den delen av lovforslaget som omhandler en lovfesting av Stortingets plenarvedtak om nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder. I Høyre ønsker vi en kunnskapsbasert forvaltning, og vi stiller oss derfor undrende til at det skal fastslås at vernet av fjordene og vassdragene skal være permanent før vi har fått en evaluering.

Høyre har etterlyst en evaluering av ordningen, og vi avventer denne evalueringen før vi vil ta stilling til om vernet bør være permanent eller om det er andre grep som er mer hensiktsmessig for å oppnå de resultatene vi ønsker.

Høyre er opptatt av å ivareta den private eiendomsretten og grunneiers rettigheter og interesser. Mange grunneiere og elveeierlag samarbeider godt om forvaltningen av vassdrag. Vi har derfor uttrykt skepsis til at det stilles krav til obligatorisk organisering av fiskerettshaverne i mindre vassdrag. Dette må i så fall begrenses til et minimum av hva som kreves for å få til en felles forvaltning.

Høyre går også imot de foreslåtte endringene i § 26. Det foreslås endringer som vil gi utvidede muligheter til å kreve at fisket, eller en forholdsmessig andel av fisket, skal forvaltes til fordel for allmennheten. Dette gjelder i vassdrag hvor staten har brukt betydelige midler til f.eks.

kalking eller bekjempelse av gyro. Dette arbeidet har ofte foregått i godt samarbeid med både grunneiere og frivillige organisasjoner. Etter vår mening er det positivt at det gode samarbeidet mellom grunneiere og frivillige organisasjoner fortsetter, og det skjer bl.a. gjennom tilgang til fiske for allmennheten, basert på frivillighet og på felles nytte. Etter vår mening blir det imidlertid feil å innsnevre grunneiernes handlingsrom med en slik lovendring. Den enkelte grunneier kan ikke belastes for at sur nedbør har forringet vannkvaliteten, like lite som den enkelte grunneier kan belastes for gyrosmitte.

For Høyre er det viktig at ressursgrunnlaget i distriktene kan benyttes til verdiskaping og inntekt som sikrer bosetting. Da må også grunneiere langs våre vassdrag få handlingsrom til å kunne planlegge, tenke langsiktig og utvikle gode fritids- og reiselivsprodukter i sine lokalsamfunn, basert på de ressursene vassdragene representerer.

Karin Andersen (SV) [11:17:26]: Villaksen har en verdi i seg sjøl, den har en økonomisk verdi og den er en viktig fellesverdi. Mye av diskusjonen om loven vi behandler nå, har dreid seg om forslag om endring i finnmarksloven og om at Tanaloven fra 1888 opphører. Vi har hatt forståelse for at det er knyttet veldig sterke følelser til dette, og at det er en engstelse for at rettighetshaverne til, og brukerne av, Tanaelva skal miste tradisjonelle rettigheter. Jeg vil derfor understreke at jeg oppfatter at det ikke har vært noen reell uenighet om rettigheter til fisket i Tanaelva. Når Miljøverndepartementet har foreslått at Tanalovens bestemmelser skal moderniseres og tas inn i finnmarksloven, er det fordi de har gjort den jobben Stortinget tidligere har pålagt dem. Derfor er det også Stortinget som gjennom komiteens forslag nå inviterer til å vedta at Tanaloven skal beholdes. Det tror jeg er en fornuftig beslutning.

Ordringen med nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder ble innført av Stortinget i 2003. Formålet var å beskytte de viktigste laksebestandene i Norge mot bl.a. oppdrettsvirksomhet, forurensning, skadelig aktivitet og inngrep både i vassdraget og i nærliggende fjord- og kystområder. I alt er det 52 nasjonale laksevassdrag og 29 nasjonale laksefjorder, og det er vedtatt egne beskyttelsesregimer for de aktuelle områdene.

Med endringene i dag blir ordningen lovfestet, med hjemmel for departementet til å fastsette nærmere bestemmelser om forvaltningen. Det kan gi politiske myndigheter en mulighet til å pålegge rettighetshaverne å utføre tiltak for vern og utvikling av laksestammen hvis hensynet til fisken ikke blir ivaretatt på en forsvarlig måte og minnelige ordninger ikke kan oppnås. Erfaringer hittil tilsier at det vil være en mulig unntakssituasjon, og at det ikke vil være aktuelt å pålegge rettighetshaverne tiltak som innebærer store økonomiske utlegg.

Høyre og Fremskrittspartiet stiller spørsmål ved behovet for varig vern av nasjonale lakseelver. Vårt mål er at de varig skal få bli laksevassdrag, og da tror vi at en lovfesting gir dem en bedre beskyttelse. Det vil være nødvendig i overskuelig framtid, og da blir spørsmålet om det er varig, av mer filosofisk betydning. Men vern er så varig som Stortinget bestemmer. Derfor er det så viktig at vi be-

holder et flertall som er for fortsatt varig vern på mange områder.

Den andre vesentlige endringen i lakse- og innlandsfiskloven gjelder krav om obligatorisk organisering og driftsplanlegging i laksevassdrag. Høyre og Fremskrittspartiet går imot dette. Det er som om man var i et land der man hadde behov for å bygge diker og så bygde diker langs mesteparten av kysten. Men det er ikke nok hvis ikke alle grunneierne deltar. Denne kjeden er jo ikke sterkere enn det svakeste ledd, og fordi det får så store konsekvenser, må man faktisk forplikte alle.

Å forvalte et laksevassdrag må gjøres i fellesskap. Heldigvis er det også slik det gjøres. Men nå pålegger loven rettighetshaverne å organisere seg sammen til det beste for elva og for laksestammen som skal vernes. Når det offentlige går inn med en særlig innsats, bør denne innsatsen komme allmennheten til gode. Det er dette det åpnes for i § 27, samt muligheten for å kunne forby alt fiske for å beskytte livet i elva.

SV støtter videreføringen av 16 år som grense for barns rett til gratis fiske, men i nytt partiprogram ønsker vi å utvide aldersgrensen til 18 år, slik det er foreslått av mange høringsinstanser i denne saken. Det er i tråd med at aldersgrensen for statlig fiskeriavgift er hevet fra 16 til 18 år. Vi ønsker å legge til rette for rekruttering til sportsfiske og til bruk av naturen. Da er laksefisket spesielt spennende. Det er vanskelig å finne eksempler på at barns fiske kan innebære noen særlige konsekvenser for grunneier utover det som er mindre vesentlig, men loven presiserer at hvis det skulle være en konflikt mellom barns fiske og fiskekulturtiltak, så kan departementet regulere også dette fisket.

Erling Sande (Sp) [11:22:11] (leiar i komiteen): No har saksordføraren på ein sterk og engasjerande måte lagt fram saka, og eg synest det er grunn til å gje han ros, for det har vore ein omstendeleg prosess. Særleg dei endringane komiteen har gjort i samband med regjeringa sitt forslag når det gjeld Tanalova, har kravd at ein både måtte møte ulike partar og gå tungt inn i saka. Det har saksordføraren gjort.

Senterpartiet støttar dei endringane som regjeringa foreslår elles, men eg har nokre merknader til enkelte punkt, som også er blitt kommenterte av fleire av dei som har hatt innlegg her før meg.

Det eine gjeld gyro. Senterpartiet har jo òg tidlegare peika på at det ikkje er rettshavarane som er skuldige i spreinga av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Enkelte vil då hevde at det er urimeleg å stille vilkår knytte til allmenta sine rettar ved offentleg medverknad til å fjerne parasitten i desse vassdraga. Det same gjeld for så vidt for forsuring, som rettshavarane ikkje er grunnen til. Når vi frå Senterpartiet si side støttar lovendringane på dette området i dag, er det fordi det lovverket vi har hatt fram til i dag, i prinsippet opnar for å stille vilkår i dei vassdraga der det offentlege bidreg med midlar for å fjerne gyroparasitten. Dermed betyr dagens endringar ei innstramming samanlikna med eksisterande lov, gjennom at det blir presisert at det må dreie seg om vesentlege økonomiske midlar

frå staten si side før desse vilkåra trer i kraft, og at vilkåra skal gjelde for ein nærare bestemt tidsperiode. I så måte er det etter vårt syn med på å styrkje rettshavarane, samanlikna med dagens lovverk. Det er likevel viktig å understreke at dette aldri har vore gjort for gyro, sidan ein har god tradisjon for å ha eit tilbod til allmenta også i desse vassdraga. Vi legg derfor til grunn at det er heilt unntaksvis ei slik føresegn skal brukast.

Så nemnde eg Tanalova. Saksordføraren har som sagt gjort godt greie for dei vurderingane ein samla komité har gjort for å oppretthalde denne lova, og i Senterpartiet meiner vi at ein her har komme fram til ei god løysing, ved at ein har komme lokalbefolkninga i området i møte og har lytta til dei innspela dei har hatt, noko som viser at Stortinget og behandlinga her nettopp evnar å ta opp i seg innspel ein får, ut frå ein filosofi om at vitet er likt fordelt utover landet.

Når det gjeld pliktig organisering, vel Senterpartiet å støtte framlegget fordi det er ein klar premiss at innhaldet i denne organiseringa i forvaltninga og i driftsplanlegginga skal vere styrt av rettshavarane. Dei som kjenner Senterpartiet, veit at eigedomsretten står sterkt i vårt parti, men vi har alltid snakka om at grunneigarrettar òg er knytte til plikter og ansvar. I nokre tilfelle, som dette, er rettane ikkje uavhengige av andre rettshavarar, tvert om er ressursane avhengige av at dei andre som har tilgang til dei same ressursane, forvaltar dei på ein berekraftig måte.

Det å argumentere mot organisering med bakgrunn i fridommen til rettshavarane held ikkje heilt vatn, all den tid fridom for éin kan vere binding for andre rettshavarar i dette tilfellet.

La det òg vere sagt at langt dei fleste rettshavarane i dag gjer ein god og ikkje minst viktig innsats i forvaltninga. Og det er ikkje rart at så skjer, for her er det ikkje fyrst og fremst kortsiktig gevinst som er fokuset, dei fleste rettshavarane har han nærast i blodet, denne «forvaltar-tanken» – tanken om at jord og ressursar skal overlatast til neste generasjon i minst like god stand som ein sjølv overtok dei i. Det er ein tanke som òg står sterkt i Senterpartiet.

Kjell Ingolf Ropstad (KrF) [11:26:55]: Ifølge Direktoratet for naturforvaltning er 20 pst. av de totalt 481 registrerte laksebestandene i Norge vurdert som tapt, truet eller i svært dårlig tilstand på grunn av menneskeskapt påvirkning. Så langt har 46 laksebestander i Norge gått tapt, i all hovedsak på grunn av vassdragsutbygginger, forurensning og parasitten *Gyrodactylus salaris*. Åtte bestander er vurdert å være kritisk truet eller tapt på grunn av innblanding av rømt oppdrettslaks.

I saken vi nå har til behandling, foreslår departementet to vesentlige endringer i lakse- og innlandsfiskloven. Dette gjelder krav om obligatorisk organisering og driftsplanlegging i laksevassdrag og lovfesting av Stortingets plenarvedtak om nasjonale laksevassdrag og laksefjorder. Kravet om obligatorisk organisering og driftsplanlegging skal bidra til å styrke rettighetshavernes rolle innen fiskeforvaltningen. Dette innebærer at forholdet mellom den offentlige og den privatrettslige forvaltningen blir klarere,

og det vil gi grunnlag for å overføre ytterligere ansvar og oppgaver til rettighetshaverne.

Opprettelsen av nasjonale laksevassdrag og laksefjorder ble gjort for å gi de viktigste laksebestandene i Norge en særlig beskyttelse mot bl.a. oppdrettsvirksomhet, forurensning, skadelige aktiviteter og inngrep i vassdrag i de nærliggende fjord- og kystområdene. I alt er det opprettet 52 nasjonale laksevassdrag og 29 nasjonale laksefjorder, og det er vedtatt egne beskyttelsesregimer for de aktuelle områdene. Ordningen er ennå ikke lovfestet, men både ved opprettelsen og suppleringen av ordningen med nasjonale laksevassdrag og laksefjorder ble det forutsatt at Stortingets plenarvedtak skal forankres i lakse- og innlandsfiskloven og i relevante forskrifter etter denne og andre lover. Det gjør Stortinget nå i dag, og det er vi i Kristelig Folkeparti glade for.

